

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sande

Emne: Julenisse

Bygdelag: Voksa

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa

(adresse): Voksa.

G.nr. 63. Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Julenissen held seg ikkje so mykje i vår bygd. Han er ikkje innfødd her og trivst vist ikkje heller. Han kjem nok på julekort og julehefter men er helst ein framandmann. Han har nokk vore nytta på tilstelningar og julefestar ein hende gong, men det er ikkje vanleg at nokon klær seg ut som nisse for å dele ut julegåvene.
2. Eg kjenner ikkje nokon regel for det, og arbeidet er oftast lønlaust.
3. Kven som helst som berre vil ha umaken. Det er rimeleg at han skal vera liten.
4. Raudhuva er obligatorisk, likeeins skjegget, men elles er det ikkje nøye med, berre kledda er gamle og helst av gammalt snitt.
5. Begge deler. I alle høve skal det vera so "grotesk" som mogeleg.
6. Det er so ymse, ein kan gjera seg ukjenneleg med sot og falsk skjegg og.
7. Nei det er kje vanleg.
8. Om det i det heile skal vera meining i det, so må ein vel gjera det, men julenissen har knapt gamle røter her og er lite omsnakka anna i julehefta.
9. Nei eg har ikkje kome frampå segner om det.

5211